

Feste 28.01.2019

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Feste 28.01.2019

Odd Geir Feste

Festevegen 431

5912 SEIM

### **KLAGE PÅ FLYTEBRYGGER PÅ FESTE**

Flytebryggene til Feste Nærkjøp er feil i høve til søknaden om flytebrygger frå 1987.

Legg ved tidlegare klage som eg ikkje har fått svar på.

Bryggene skal følgje den godkjente teikninga og tekst som kommunen har vedteke (god kjent).

Viser til vedlagt teikning av flytebryggene. Her ser ein korleis flytebryggene skal sjå ut etter dei godkjente teikningane og tekst.

Bryggjene er framleis alt for store i følgje godkjent teikning. Dette fører til ei vesentleg hindring for innsegling til naust, opplagsplass, losse og laste trapper.

På grunn av feil lengde på flytebryggene, og dermed fleire båtar, vært plassen på innsida enda mindre.

Det er ikkje plass til å ha større bryggjer enn dei som er godkjente av kommunen frå 1987.

Store delar av sommaren er laste og losse trappa stengt på grunn av båtar som er fortøydd i bryggja. Dette fører til at ein ikkje kjem bort til trappa.

Heile Naustvika er svært langgrunn. I tillegg er det eit stort skjær mot vest. Dette fører til at ein ikkje kjem seg over dette skjæret på fjæra sjø. På flo sjø kan ein padle eller ro over.

Båt med innanbords motor og hytte, blir utestengt frå Naustvika.

Feste 28.01.2019

I frå g.nr 70 b. nr 1 sitt naust er det 11 meter frå naustet og ut til sjøen på fjæra sjø. For å kunne manøvrere ein båt til og frå naustet, må bryggene vera godkjent størrelse og følgje godkjent teikning og tekst.

Med venleg helsing

Odd Geir Feste

Vedlegg 1: Handskrive brev som tidlegare er sendt til Lindås Kommune.

Vedlegg 2: Brev som tidlegare er sendt til Lindås Kommune.

Vedlegg 3: Kart.

Vedlegg 4: Teikning av godkjente flytebrygger.

Vedlegg 5: Møtebok, våren 1987.

Vedlegg 1.

Klage til Feste Nærkjöp  
v/ Hans J. Valle

Saka gjeld utlegging av flytebyggje

Den flytebyggjene du har lagt ut  
er feil, dei er mykje for lange, for breie  
og ligg på feil plass. Sjå vedlagdt kart.

Detta er til stor hinder for dei som  
har maust og båtplan på innsida  
av flytebyggjene

På grunn av feil plassering og lengde  
på flytebyggjene, vert plassen på innsida  
enda mindre, og det vert svært  
vanskelig å manøvrere ei 20 fot snekke.

Ligg det båt på utsida av flytebyggjene  
er det liten plass att til skjunt på  
andre sida av vegen, innsidlinga blir  
vanskelig med småbåtar og stengt  
for små snekker på 20 fot.

Kopi sendt til Kommunen.  
Odd Geir Feste

Vedlegg 2.

Lindås Kommune  
v/ Knut Bjørnevoll  
5914 ISDALSTØ

Feste, 11.07.07

KLAGE PÅ FLYTEBRYGGER PÅ FESTE

Flytebryggene til Hans Jakob Valle ligg feil i høve til søknad om flytebrygger frå 1987.

I praksis betyr dette at innsegling til nausta på innsida av bryggene er svært vanskeleg, og stengt for små snekker og oppover, store delar av sommaren.

Hans Jakob Valle meiner at plassen på innsida av bryggene hadde vore for liten til at alle nauseigarane kunne hatt snekker samtidig. Av den grunn må eg halde meg borte med snekka mi som berre er 20 fot.

Det skulle bli mykje betre for oss på innsida av flytebryggene den gong bryggene blei lagt ut.

Dei kom til å dempe bølgene, blei det sagt.

Bryggene hadde rett størrelse, men låg på feil plass. Dei blei etter ei tid bytta ut med større brygger utan noko forklaring. Så spurte Hans Jakob Valle ein av nausteigarane om han kunne få leggje ut endå større brygger i betong, men fekk NEI til svar, for no var det nok meinte han. Men bryggene kom likevel. Då byrja eg å klage til Hans Jakob Valle. Han skulle ordne det til vinteren for då fekk han betre tid. Så skulle han ordne det til neste vinter for då fekk han betre tid. Då hadde han gløymt korleis det skulle vere sjølv om han gjekk forbi dei første bryggene i rett storleik kvar dag (som ligg på land). Han kunne spurt meg om ein meterstokk.

Då gjekk eg til kommunen for å få teikningane over flytebryggene og skreiv deretter klagebrev med forklaring på kva som var gale og korleis det skulle vere. I staden for å ordne bryggene, bygde han på med fleire brygger. Då meinte eg at det blei endå vanskelegare å ordne bryggene, men han hadde snakka med dei som la ut bryggene og sa at det var veldig enkelt å flytte bryggene.

Eg spurte om han kunne flytte bryggene lenger nord, der det er god plass og ikkje i veggen for nokon. Då svarer han at det ikkje går for då blir det for nært leia (noko eg meiner berre er tull). Då må han i det minste slutte å fylle stein, stolpar, jernrør og jernbaneskiner ut i sjøen, for etter mi meining blir det då endå nærare til leia.

Men no seier han at alt er i orden, for han har søkt og snakka med Bjørnevoll på kommunen og fått betongbryggene godkjent. Endå bryggene er svært mykje større og ligg på feil plass i forhold til teikningane frå 1987.

"Kottidsparkering" for kundar til landhandel, bunkring og gatekjøkken, står det i søknaden frå 1987.

Den eine brygga som skulle vere 2 x 6m blei 20 x 2,5m. Der har Hans Jakob Valle sine utleigebåtar i tillegg til sin privatbåt og borna sine båtar. (Desse ligg der det meste av sommarhalvåret).

Utleigebåtane som er 5,30m lange + påhengsmotor og landtau tek ca 7-8m på innsida av bryggene. På fjære sjø er det ikkje plass att bak mot nausta.

Den andre brygga som skulle vere 2 x 8m blei 2,6 x 36m. Dersom det legg seg større båtar på utsida av kvarandre er innseglinga stengt.

Det er rikeleg breidde og djupne att mellom flytebrygga og skjæret på andre sida av vågen, står det i søknaden frå 1987. Det skulle vere rikeleg breidde att for at ferdsel til og frå naust og båtfeste kan gå utan vesentleg hindring. Det er skilnad på teori og praksis!

Det dei har gløymt å ta med er at brygga blir fylt opp med båtar og at han har ingen begrensingar på kor store, eller kor mange båtar det kan liggje utanpå kvarandre, kor langt landtau eller kor langt ifrå brygga båtene kan liggje. Det er vanleg ned båtar på 30 – 40 fot, kan og vere båtar på 60 fot. Det er ikkje uvanleg at nokre av desse blir liggande natta over. Båtane kan liggje utanpå kvarandre eller dei blir fortøyd i baugen slik at mesteparten av sjøen rundt bryggene blir opptatt.

Vi er ca 25 personar som brukar naust nr. 70/1. Skal vi nekte borna våre å reise på sjøen fordi dei kan komme bort i ein anna båt og lage skade (stripe i lakken kan bli svært dyr).

Det er ingenting som stemmer med det som står i søknaden frå 1987. Vi har vorte frålurt båtplassane våre. Dei har vorte redusert til jolleplassar.


Odd Geir Feste  
Feste-nordre  
5912 SEIM

Vedlegg 3.







Vedlegg 4.







LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ		Møtestad	Møte dato
		Rådhuset	29.04.87
Sakshandsamar		Arkivnr.	SAK NR.
Bjørnevoll		Gnr. 70 bnr. 9 Feste ytre	B-129/87
Byggherre/meldar		Adr.	
Feste Nærkjøp v/Hans J. og Ragnvald Valle		5103 Seim	
Saka gjeld			
Utlegging av flytebyggje			
Vedlegg:			
<p>Søknad om byggjeløyve. Kvittering for nabovarsel. Situasjonsplan 1:2500. Teikningar. Protest frå Peder Langenes og Sigurd Feste 28.3.87. Kart med djupnemålingar, dat. april 1987</p>			
MERKNAD:			
<p>Søknaden gjeld utlegging av 4 flytebyggjeelement á 6 m med landgang på 10 m, totalt ca. 33 m lengde på anlegget. (Plass til 8 båtar á 6 m). Flytebyggja skal liggja ved Feste nærkjøp sin private kai og nyttast til "korttidsparkering" for kundar til landhandel, bunkring og gatekjøkken. Det er 13 bruk som har bruksrett til kaien, og eigarane av desse har fått nabovarsel. To av desse har protestert på byggjeplanane. Det er Peder Langenes og Sigurd Feste, som også er to av ialt 5 grunneigarar til naustplassen i Festevågen. Dei hevdar at bruksretten til kaien vert øydelagd og at vågen vert stengd for innsegling til naust og trapper. Dei meiner og at flytebyggja med fordel kan flyttast til området nord for butikken.</p> <p>Søkjarane seier at det dei treng, er mange nok og trygge båt-plassar til sine kundar, plassert på "rette sida" av forretning, bensinpumpe og gatekjøkken. Plassen på nordsida av butikken er mindre eigna i så måte. Den er pr. idag brukt til utleigeplassar for båtopleg og bilparkering. Det kan verta aktuelt å leggja ut flytebyggjer her seinare, men då som permanent småbåthamn for utleige.</p> <p>Landgangen til omsøkte flytebyggje skal vera heisbar, slik at han kan fjernast når større fartøy skal leggja til kaien. Bruksretten til kaien skulle såleis vera sikra for alle, sidan det er eigaren sjølv som har mest bruk for å ta inn større båtar for lossing.</p> <p>Utifrå vår vurdering på plassen, med diverse stikkmål og lod-dingar, vert ikkje flytebyggja til vesentleg hindring for innsegling til vågen. <u>Det er rikeleg breidde og djupne att</u> mellom flytebyggja og skjeret på andre sida av vågen.</p> <p style="text-align: right;">.../...</p>			
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD		Utskrift sendt til	
		Feste Nærkjøp v/Hans Jacob og Ragnvald Valle. Kystverket. Peder Langenes.	

## MØTEBOK - HOVUDUTVALET FOR TEKNISK SEKTOR

Side 266

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 29.04.87
Sakshandsamar Bjørnevoll	Arkivnr. Gnr. 70 bnr. 9 Feste ytre	SAK NR. B-129/87
Byggherra/meldar Feste Nærkjøp v/Hans J. og Ragnvald Valle	Adr. 5103 Seim	
Saka gjeld Utlegging av flytebryggje		

## Vedlegg:

Forts.

## TILRÅDING:

Med tilvising til § 84 i plan- og bygningslova har bygningsrådet ingen merknader til planane. Rådet gjer imedan merksam på at planane skal godkjennast av Kystverket. Saka vert oversendt Kystverket til endeleg avgjerd.

Karl Johan Olsen kom med slikt framlegg til vedtak:


Med tilvising til § 84 i plan- og bygningslova vil bygningsrådet ikkje rå til at dei innsendte planar vert godkjende. Rådet meiner det må finnast ein annan plass som vert mindre sjenerande for brukarar og rettshavarar og for miljøet i området. Saka vert oversendt Kystverket til endeleg avgjerd.

VEDTAK med 4 mot 2 røyster:

Med tilvising til § 84 i plan- og bygningslova har bygningsrådet ingen merknader til planane. Rådet gjer imedan merksam på at planane skal godkjennast av Kystverket. Saka vert oversendt Kystverket til endeleg avgjerd.

Karl Johan Olsen sitt framlegg fall med 4 mot 2 røyster.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Feste Nærkjøp v/Hans Jacob  
og Ragnvald Valle.  
Kystverket.  
Peder Langenes.  
Sigmund Feste

## MØTEBOK – HOVUDUTVALET FOR TEKNISK SEKTOR

Side 309

LINDAS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 20.05.87
Sakshandsamar Bjørnevoll	Arkivnr. Gnr. 70 bnr. 9 Feste ytre	SAK NR. B-153/87
Byggherre/meldar Feste Nærkjøp A/S v/Hans Jacob og R. Valle	Adr. 5103 Seim	
Saks gjeld Flytebyggje - klage på vedtak		

## Vedlegg:

Brev frå Peder Langenes dat. 5.5.87.  
Brev frå Peder Langenes og Sigurd Feste dat. 8.5.87.  
Utskrift frå møtebok 29.4.87, sak B-129/87.

## MERKNAD:

Etter synfaring med søkjar, klagarar og teknisk etat vart det påvist ca grenseline, der det kom fram at landfestet for flytebyggja vert på eigen grunn, og at det er i søkjaren si interesse at bruksrettane til kaien vert oppretthaldne.

Det er like djupt utanfor flytebyggja som nærare kaien, og det skulle vera rikeleg breidde att for at ferdsel til og frå naust og båtfeste kan gå utan vesentleg hindring. Dette er vurdert utfrå synfaring med båt og frå kart med djupnemålingar som er lagt fram av søkjaren.

## TILRÅDING:

Bygningsrådet syner til merknaden frå bygnings sjefen og kan ikkje ut frå klagen dat. 05.05. og 08.05.87 finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Rådet vil difor halda fast på vedtaket i sak B-129/87 frå møte 29.04.87.

I samsvar med § 15 i plan- og bygningslova vert saka send til fylkesmannen til avgjerd.

På møtet sette Karl Johan Olsen fram følgjande framlegg til vedtak:

Med tilvising til § 84 i plan- og bygningslova vil bygningsrådet ikkje rå til at dei innsende planar vert godkjende. Rådet meiner det må finnast ein annan plass, t.d. nærare bunkerskaien, som vert mindre sjenerande for brukarar og rettshavarar og for miljøet i området. Saka vert oversend Kystverket til endeleg avgjerd.

## VEDTAK:

Tilrådinga frå bygnings sjefen vart vedteken med 5 mot 3 røyster.

Framlegget frå Karl Johan Olsen fall tilsvarande.

Anna Valle sa seg ugild og var ikkje tilstades ved handsaminga av saka.

FOR LINDAS BYGNINGSRÅD

Utskrift sendt til

Feste Nærkjøp  
v/Hans J. og Rangvald Valle  
Peder Langenes  
Sigurd Feste  
Kystverket Fylkesmannen

*Kirsten Storheim*